Folgefonna
nasjonalparkstyre

Saksframlegg

Arkivsaksnr: 2023/15549-20

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 21.09.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	33/26	28.09.2026

Vedtak Høyring - Folgefonna nasjonalpark - revidering av forvaltningsplan

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 28.09.2026

Handsaming i møte

Samrøystes vedteke.

Vedtak

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtek å sende forvaltningsplanane på høyring for:

- Folgefonna nasjonalpark
- Hattebergsdalen landskapsvernområde
- Ænesdalen landskapsvernområde
- Bondhusdalen landskapsvernområde
- Buer landskapsvernområde

Med høyringsfrist torsdag 31.12.2026.

Saksopplysningar

Miljødirektoratet har i brev frå 17.09.2026 fagleg godkjent utkast til forvaltningsplanar sendt 13.01.2026, med mindre endringar i ordlyd i retningslinene og oppfordring om å ha meir konkrete og stadstilpassa forvaltningmål og tiltak. Sjå eige brev frå direktoratet for detaljar.

Vurdering

Forvaltar legg ved forslag til møteplan for innspelsmøter. Det er ønskjeleg å møte grunneigarar på synfaringar for å diskutere konkrete problemstillingar, tiltak og oppfølgjingspunkt i forvaltningsplanane. Om det er ønskeleg kan styrerepresentantar delta på møta.

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtek å sende forvaltningsplanane på høyring for:

- Folgefonna nasjonalpark
- Hattebergsdalen landskapsvernområde
- Ænesdalen landskapsvernområde
- Bondhusdalen landskapsvernområde
- Buer landskapsvernområde

Med høyringsfrist torsdag 31.12.2026.

Forslag til møteplan:

Forslag til møtedatoar	Stad	Oppmøte	Kven?	Tema
Måndag 12.10 Kl 12 / Onsdag 14.10 kl 1630 Torsdag 15.10 kl 1630	Hattebergsdalen	Fossberg Ev inne på Folgefonnsenteret	Kvinnherad Energi Baroniet Andre grunneigarar Turlaget? Naturvernforbundet?	Retningsliner Skjøtsel av kulturlandskap, gjødsling Uttak av gran og lerk Turstier Kraftverk og vassverk -drift framover? Kart
Måndag 19.10 Kl12 / Tysdag 20.10 Kl 1630	Ænesdalen	Ænessetra	Grunneigarar Andre?	Retningsliner Skjøtsel av kulturlandskap Uttak av gran og lerk Turstier
Måndag 26.10 kl 12 / Onsdag 28.10 kl 1630	Bondhusdalen	Bondhus/Skulen i Mauranger	Grunneigarar Lokalt og regionalt turlag Statkraft Bondhus småkraft? Naturvernforbundet? Reiseliv i Kvinnherad?	Retningsliner Skjøtsel av kulturlandskap Uttak av gran og lerk Turstier Kraftverk, drift og utfordringar
Måndag 2.11 kL 12 / Onsdag 4.11 Kl1630	Buer	Buer inne/ute	Grunneigarar Turlag Reiseliv i Ullensvang Boliden? Naturvernforbundet?	Retningsliner Skjøtsel av kulturlandskap Uttak av gran og lerk Turstier og tilrettelegging Drift av Blåvatn
Måndag 9.11 Kl 12 / Tysdag 10.11 Kl1630	Rullestad/Langfoss Folgefonna nasjonalpark	Rullestad/Langfoss	Grunneigarar i Etne Turlag? Etne kommune Andre? Haugesund turistforening/Etne turlag	Retningsliner Landbruk i nasjonalparken Turstier og tilrettelegging
Veke 48	Ullensvang	?	Styremøte Fagleg rådgjevande utval	Oppsummering av høyringsinnspel Innspel frå fagleg rådgjevande utval